



Hauso skule

Avtale om lån av datautstyr mellom ..... (elev) og Hauso skule for dei skuleåra du får låna utstyret.

Eleven har lånt følgjande datautstyr frå Hauso skule:

.....(type maskin)  
.....(serienummer)

Datautstyret er ein del av eleven sitt skulemateriell og skal nyttast i samsvar med skulen sitt ordensreglement og skulen sitt ikt-reglement. (Sjå eige reglement på Hauso skule si heimeside)

Datautstyret skal, dersom ikkje anna er avtalt, takast med til skulen kvar dag og heim kvar dag etter skuletid. Eleven er ansvarleg for at datautstyret vert behandla forsiktig og ikkje vert utsett for slag, fall og fukt. Mat og drikke saman med datamaskinen passar ikkje.

**Eleven sørger for at maskina er fullada når skuledagen tek til.**

Datamaskina skal nyttast til læringsarbeid på skulen og heime. **Skulen og lærarane bestemmer alltid når og korleis den skal nyttast.**

Datamaskina skal ikkje nyttast til å gå inn på nettsider som inneheld pornografi eller vold, eller til å lasta ned slikt innhald.

Skulen kan når som helst samla inn datautstyret for vedlikehald, og for å sjå etter at det vert brukt på den måten som er bestemt. *Eleven er ansvarleg for å ha kontroll på sin eigen ladar til Chromebook. Vert denne mista, kan eleven måtta erstatta denne.*

Eleven skal ikkje ta datautstyret med seg ut i friminutt i skuletida. **Skulen kan når som helst dra inn datautstyret om desse reglane ikkje vert følgde.**

Kor lenge, er det rektor som bestemmer.

Hauso , ..... (dato)  
..... (elev)  
.....(foreldre/føresette)  
.....(for Hauso skule)

## **IKT-reglement** gjeldande for grunnskulen (heretter kalla skulen) i Ullensvang herad (heretter kalla heradet)

### 1. Reglementet sitt føremål

Målgruppa for reglementet er elevar i skulen.

Reglementet avklarar akseptabel bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi for målgruppa.

Reglementet ynskjer å hindra utilsikta og uønska hendingar.

Reglementet vil verna brukarar og tryggja den pedagogiske læringssituasjonen.

Reglementet skal bidra til å avgrensa roller, rettar og plikter for elevar og heradet.

### 2. Reglementet sitt omfang

Bruk av heradet sitt IKT-utstyr som ein disponerar ved skulane.

Bruk av privat IKT-utstyr på skulen og/eller via heradet sitt nettverk.

Bruk av programvare som heradet har gjort tilgjengeleg.

Publisering av innhald på nett, og kommunikasjon ved bruk av privat og, eller kommunen sitt IKT-utstyr.

Elevar sin IKT-bruk utanom skuletid er i utgangspunktet heimen sitt ansvarsområde, men framferd som har tydeleg tilknytning til skulen, kan likevel koma inn under skulen sitt ansvarsområde.

### 3. Eleven sine rettar

Eleven har rett til opplæring i bruk av IKT for å kunna oppnå krava om IKT-ferdigheiter slik dei kjem fram i Læreplanverket.

Eleven har rett på tilgang til tenleg og funksjonelt IKT-utstyr i undervisninga.

Alle elevar har rett på lik tilgang til IKT-utstyr i høve gjennomføring av digital eksamen og nasjonale prøvar.

Eleven har rett til å bli informert om innhaldet i IKT-reglementet av skulen.

Heradet kan kun utlevera opplysingar om ein enkelt elev, eller data som tilhøyrrer ein elev, i tilfelle der dette går fram av inngått samtykke, vedtatt reglement eller fylgjer av lovgjevinga elles.

Eleven har rett til å få med seg private data som skulen ikkje lenger har høve til å ta vare på.

Skulen vil sletta alle personlege opplysingar om elevane som skulen ikkje lenger har bruk for, men dette gjeld ikkje dersom skulen ved lov må oppbevare opplysingane.

### 4. Eleven sine plikter

Elevar pliktar å fylga skulen sine pålegg og instruksar om bruk av IKT-utstyr

Elevar på ungdomstrinnet pliktar å setja seg inn i den informasjonen som skulen gjev om reglar og vilkår for bruk av IKT-utstyr.

IKT-utstyret som er plassert ved den enkelte skulen skal handsamast fint.

IKT-utstyr som vert brukt i skuletida skal berre brukast til skulerelaterte oppgåver.

I skuletida skal privat IKT-utstyr, som mobiltelefonar, bærbare datamaskiner og liknande, berre brukast etter avtale med skulen.

Chat, spel, privat e-post eller generell surfing skal berre skje etter avtale med skulen.

Publisering av innhald på nett og kommunikasjon gjennom kommunen sitt IKT-utstyr skal på ingen måte innehalda tekst, bilete, lyd eller video som er av støyande art, eller som hengjer ut enkeltpersonar eller grupper.

Digital mobbing skal ikkje skje, uavhengig av om det skjer gjennom eige, eller heradet sitt IKT-utstyr.

Brukarnamn og passord skal haldast hemmelege og skal berre brukast av den aktuelle eleven.

Elevar kan ikkje installera eiga programvare på heradet sitt IKT-utstyr. Dette gjeld også utvidingar på Chromebook som ikkje er avtalt på førehand.

Installasjon av programvare på PC-ane/chromebooks som gjer at uvedkomande får tilgang til heradet sitt nettverk, skal ikkje skje.

Eleven pliktar å gjera så godt han kan for å ikkje få virus eller anna øydeleggjande programvare inn i heradet sitt IKT-utstyr.

Eleven pliktar å bruka godt nettvit når han/ho brukar heradet sitt IKT-utstyr.

Eleven pliktar å undersøkje og respektera opphavsretten til materiale som tekst, bilete, musikk, film eller lyd som vert lagt ut på heimesider, fellesområde og bloggar.

Eleven må få samtykke frå medelevar/ føresette for å leggja ut bilete, lyd og video av dei.

Elevar pliktar å varsle skulen ved mistanke om at andre bryt reglementet.

## 5. Inngrep og sanksjonar

Brot på IKT-reglementet kan føra til sanksjonar frå skulen/heradet.

Skulen har eit ansvar for å gripa inn overfor elevar som mobbar eller trakasserer medelevar eller lærarar / andre vaksne.

Bruk av skulen sitt IKT-utstyr som strir mot norsk lov kan bli meldt.

PC-ar/chromebooks som vert nytta under eksamen, kan bli kontrollerte før og etter gjennomføring av eksamen for å avdekka forsøk på juks.

Elevar som mobbar, diskriminerer eller trakasserer andre ved bruk av heradet sitt IKT-utstyr, kan bli utestengde frå all IKT-bruk i ein periode fastsett av skulen. Særleg alvorlege tilfelle kan bli melde.

Elevar som utøver skade på heradet sitt IKT-utstyr, kan bli haldne økonomisk ansvarlege.

Datatrafikk ved den enkelte skulen vil verta logga.

Brot på IKT-reglementet kan også føra til sanksjonar i høve til skulen sitt generelle ordensreglement.

## 6. Bortfall av ansvar

Heradet er ikkje ansvarleg for tap av data, eller skade på IKT-utstyr som skuldast forhold utanfor heradet sin kontroll.

---

-underskrift elev -

---

- underskrift –

Vedteke på rektormøtet 11.10.17

Inger Sekse, kommunalsjef oppvekst og kultur